

Hareid IL Fotball – sportsplan 2025

Innleiing:

Hareid IL Fotball skal vere ei naturleg tilhøyrgheit for barn og unge på Hareid. Klubben skal vere ein organisasjon for heile fotballfamilien; både spelarar, trenarar, leiarar, dommarar, foreldre, besteforeldre og elles andre innbyggjarar i Hareid.

Innhald:

1. Om sportsplanen
2. Organisering og organisasjonskart
3. Trenarforum
4. Barnefotball
5. Ungdomsfotball
6. Seniorfotball
7. Dommer rekruttering

1. Om sportsplanen

Sportsleg plan skal fungere som eit verktøy for å kvalitetssikre all aktivitet i Hareid IL Fotball, og samtidig fungere som eit felles rammeverk for den sportslege verksemda. Sportsleg plan skal også tydeleggjere klubbens mål, visjon og grunnverdiar. Vidare skal sportsleg plan sikre kontinuitet og fagleg struktur på det arbeidet som skal gjerast i klubben.

Sportsleg plan seier også noko om korleis spelarar og føresette skal opptre i samsvar med klubben sine retningslinjer. Klubbens mål, visjon og grunnverdiar er tydeleggjort i sportsleg plan. Planen gir ingen fasitsvar på korleis treninga skal gjennomførast av den enkelte trenar, men den gir retningslinjer for kva treningane bør innehalde på dei enkelte alderstrinn.

All aktivitet i Hareid IL fotball skal byggast etter og følgje lovverket til NIF og NFF Sportsleg plan skal reviderast kvart år, og kan reviderast kontinuerlig av styret.

Sportsplanen gjev i korte trekk retningslinjer for:

- Klubben sine mål.

- Organisering av klubben.
- Haldningar, Fair Play og foreldrevettreglar.
- Hospitering og differensiering
- Jevnbyrdigheit
- Trenar og lagsleiar sine oppgåver
- Barnefotball, 6-12 år
- Ungdomsfotball, 13-16 år
- Seniorfotball

Sportsplanen er eit levande dokument og er tilgjengeleg på heimesida til klubben. Alle involverte i klubben –trenarar, lagsleiarar, foreldre og andre – blir informert om kvar ein finn planen, om innhaldet og kva som er føremålet med den.

Klubben skal gå gjennom sportsplanen med alle trenarar før kvar sesong, slik at dei kjenner innhaldet, og veit kva retningslinjer dei skal jobbe etter; både på og utanfor bana.

Vår visjon er:

«Stolt av Hareid»- vi kan, vi vil og vi får det til ! Stolt-inkluderande-mestring

Verdigrunnlag:

Hareid IL fotball ønskjer å sikre at alle barn og unge som deltek i våre aktiviteter og arrangement kan gjere dette innanfor trygge rammer. Vi er opptekne av å utvikle alle i eit trygt og godt fellesskap, ikkje berre som fotballspelarar, men også som menneske. Vi skal bidra til eit trygt og godt oppvekstmiljø. Verdiane våre skal vere forankra i alt arbeid som blir gjort i fotballgruppa , og alle i Hareid IL fotball skal ha kjennskap til og jobbe etter desse verdiane.

For å skape eit godt oppvekst og fotballmiljø i Hareid, ligg stikkorda for dette i eige namn:

- H- haldningar
- A-allsidigheit
- R-respekt
- E-engasjement
- I- inkludere
- D- deltaking Målsetjingar: Overordna mål

Generelle mål:

- Alle i Hareid IL fotball skal føle tilhøyrse og vere stolte av klubben sin.
- Hareid IL fotball skal vere klubbstyrt, der det er klubben sine retningslinjer som gjeld.

Sportslege mål:

Hareid IL fotball skal arbeide for:

- Å ha eit tilbod til alle alderssteg, både jenter og gutar, mellom 7-19 år
- Å gje alle moglegheit til å utvikle seg i eigen klubb.
- Å ha fokus på sosial og fotballmessig utvikling og prestasjonar.
- Å bidra til å skape gode haldningar hjå våre barn og unge.
- Å påverke til å ta ansvar for seg sjølv og andre både i og utanfor fotballmiljøet
- Å bygge aktivitet på verdiane respekt, toleranse, likeverd og solidaritet.
- Å vere ein leiande klubb innan «Fair Play»
- Å vere aktive på å utdanne fleire trenarar og leiarar i klubben
- Å ha eit sportsleg utval med sportsleg leiar, spelarutviklar og trenarkoordinator

- Å ha ei leiing og eit støtteapparat som folk i Hareid ynskjer å vere ein del av.
- Å vere ein klubb alle er stolt av å vere ein del av.

2. Organisering og organisasjonskart

Hareid IL fotball skal vere klubbstyrt. For å få dette til, så må vi ha ein organisasjon med god oversikt over dei ulike rollene i klubben. Det skal vere lett for alle å vite kvar ein skal ta kontakt ved alle høve.

Følgjande er eigenskapar hjå tillitsvalde i Hareid IL Fotball:

- Evne til å skape tillit og truverdighet, evna til å lytte og ta avgjersle
- Evna til å glede seg over eigen og andre sin suksess
- Evna til å gjennomføre det ein lover (Handlingsplan/forplikting)

Føresetnadar for eit godt styre i Hareid IL Fotball:

- Komplette samansett styre, med ulik kompetanse
- Sportsleg, økonomisk og organisatorisk kompetanse
- Personlege eigenskapar, evna til å skape gode relasjonar

Styret sine hovudoppgåver:

- Mål og strategiarbeid
- Økonomisk kontroll og driftsovervaking
- Riktig organisering og samansetjing av styret – samt riktig samansette undergrupper/utval
- Oppnemning av komitear, utval, personar etter behov, for ulike oppgåver. Utarbeide instruks og mandat for desse.
- Følgje idrettens lover samt representere klubben
- Legge til rette for best mogleg rekruttering, utvikle gode fotballspelarar og behalde dei lengst mogleg.

Organisasjonskart

Hareid IL fotball har utarbeida nytt organisasjonskart. Sjå eige dokument. Styret blir valt på årleg møte i november.

Utdanning av trenarar

Vi har eit mål om at alle trenarar skal ha trenarkurs. Klubben arbeider for at:

- Trenarar i barnefotballen skal ha delkurs 1 og 2 (delar av UEFA C-lisens)

- Trenarar i ungdomsfotballen skal ha delkurs 1-4, UEFA C lisens.

3. Trenarforum

Hareid IL fotball ynskjer å ta vare på alle trenarane. Det er viktig å sørgje for at trenarane får oppfølging slik at dei kan utvikle seg. Trenarforumet skal vere ein arena der ein haustar erfaringar frå kvarandre, og får fotballfagleg påfyll. Trenarkoordinator har ansvar for å samle trenarane og set agenda for kvart forum.

4. Barnefotball

Barnefotball er all fotball for gutar og jenter til og med det året dei fyller 12 år. Alle barn som skal delta i Hareid IL sine fotballaktivitetar skal betale årleg medlemskap i Hareid IL, årleg treningsavgift til Hareid IL fotball.

Barnefotballens verdigrunnlag i Hareid IL fotball bygge på NFF sine tre pilarar. Fotball for alle, trygghet + mestring= trivsel, og sjølvstøtt Fair Play.

Verdigrunnlag i Hareid IL barnefotball:

Fotball for alle

Barnefotballen i Hareid fotball skal byggast rundt visjonen fotballglede og utfordringar for alle. Uavhengig av ferdigheitsnivå, treningsiver, alder, kjønn og kulturell bakgrunn. Alle skal vere like mykje verdt!

Å vere trygg er eit sentralt omgrep for at nokon skal trivast. I Hareid IL Fotball skal barn føle seg trygge. Både i høve aktivitetar, lagkameratar og dei vaksne i klubben sitt miljø. Alle skal oppleve mestring, og aktiviteten må tilpassast slik dette gjeld alle!

Fair Play

Fair play handlar om respekt! Med Fair Play ønskjer Hareid IL fotball at det både på trening, i kampar, på turneringar og også på andre arenaer utanfor bana skal haldast fokus på verdiar som respekt, toleranse, likeverd og menneskeverd! Desse verdiane set Hareid IL fotball høgt! Dette gjeld for heile fotballfamilien: styremedlemmar, spelarar, trenarar, lagsleiarar, foreldre, besteforeldre og elles andre involverte.

Klubben som sjef

Hareid IL fotball er sjef over barnefotballen. Barnefotballen skal utøvast etter retningslinjer gitt i sportsplan.

Barnefotballen skal ikkje vere styrt av den enkelte trenar eller lagsleiar. Samarbeid på og mellom årskull gir gode føresetnadar for differensiering og eit tilpassa trening og kamptilbod til den enkelte spelar. Dette bidreg til at vi ikkje får lagsgrenser, og set klubben og den enkelte spelar i sentrum. Som klubb skal vi prøve at årsklassene over/under i minst mogleg grad har trening på same dag. Dette fordi vi vil gje moglegheiter for auka treningsintensitet for dei barna som ynskjer dette, viser til punkt om differensiering og hospitering i barnefotballen.

Klubben skal melde på nok lag i alle aldersklasser både i serie og turneringsspel. Det ideelle er 7 spelarar på kvart 5 ar lag, og 10 spelarar på 7 ar lag. Det kan meldast på lag oppover i aldersklassene dersom dette er hensiktsmessig. Dette skal avgjerast i samarbeid mellom trenar og sportsleg leiing.

Alle trenarar i Hareid IL fotball skal ha gjennomført delkurs 1 UEFA c-lisens. Hareid IL Fotball skal vidareutvikle trenarar og leiarar sin kompetanse gjennom formell trenar og leiarutdanning, trenarforum og andre kompetansegejevande tiltak. Hareid IL fotball dekkjer kostnadane for slike kompetansegejevande kurs.

Alle trenarar og lagsleiarar skal delta på Hareid IL sine sportslege - og foreldremøter. Dette for å sikre at det blir arbeidd etter klubbens mål, haldningar og retningslinjer.

Hareid IL fotball ønskjer med utgangspunkt i klubbens verdigrunnlag å tilrettelegge best mogleg fotballtilbod på trening og kamp slik alle kan få ulike typar utfordringar ut frå treningsiver, haldningar, interesse, ferdigheiter og modning. Dette kallast differensiering. Differensiering er i utgangspunktet forskjellsbehandling av spelarar- men i positiv forstand!

Samarbeid på og mellom årskull gir gode føresetnadar for differensiering og eit tilpassa trenings- og kamptilbod for den enkelte spelar.

Hovudbodskapen til Hareid IL med differensiering er at auka treningsiver med oppmøte på ekstratreningar og andre lag sine treningar skal bidra til å fylle behovet for eiga utvikling. Alle barn som ønskjer, kan delta, på treningane til årskull over eller under sitt eige årskull.

Ekstratreningar hjå andre årskull garanterer ikkje at ein også skal spele kampar på disse årskulla. Trenarane skal ha kontroll på uttak av lag.

Differensiering i barnefotballen skal skje gjennom mest mogleg aktivitet og minst mogleg i høve ferdigheiter. Klubben skal kvalitetssikre at dei ulike laga melder på nok lag i sitt årskull for slik å sikre mest mogleg aktivitet. Hovudregelen er at alle skal trene i lag og vi skal på ingen måte dele inn etter ferdigheiter heile tida på trening. Vi ønskjer differensiering gjennom det å stimulere den

som vil trene meir med å tilby meir enn den tradisjonelle økta med eige lag. Vi vil ha auka aktivitet og ikkje inndeling etter ferdigheiter.

På enkelte treningar kan det likevel bli gitt utfordringar til spelarar ut frå ferdigheitsnivå. Ikkje la alle aktivitetane ha lik vanskegrad. Variasjon mellom gruppesamansetjingane slik at spelarane møter ulik motstand på trening. Alle som trenar regelmessig i barnefotballen skal ha eit kamptilbod. Dersom ein spelar ikkje blir teke med på kamp grunna lite treningsoppmøte eller andre årsaker skal trenar informere spelar eller spelarens foreldre om dette.

Speletid

I løpet av sesongen skal alle spelarane i barnefotballen ha tilnærma lik speletid i kamp på eige lag. I løpet av sesongen skal alle spelarar i barnefotballen ha tilnærma lik speletid på eige årskull. Hareid IL fotball stiller krav om at alle som er tekne ut til kamp skal spele minimum ein omgang pr kamp

Jevnbyrdigheit

I Hareid IL fotball skal alle barn få delta med like moglegheiter. Jevnbyrdigheit vil seie at ein får omtrent jamn motstand både på trening og kamp. Dette vil bidra til å skape spenning, glede og engasjement. Trenarar og lagsleiarar styrer dette, gjerne ved kontakt med motstandars lag i god tid før kamp, slik ein kan stille mest mogleg jevnbyrdig til kamp. Justering av spelarane sin plass på bana kan også vere eit verkemiddel for jevnbyrdigheit. Jevnbyrdigheit er ein føresetnad for at spelarane i barnefotballen skal oppleve tryggleik og mestring. Toppe lag ut frå ferdigheiter skal ikkje førekome i barnefotballen i Hareid IL fotball.

Hospitering

Hospitering betyr at spelaren i perioder får trene og spele kampar på lag i høgare årskull, i tillegg til sitt opprinnelege lag. Dette gjeld for spelarar frå ca 10 år som har gode haldningar, motivasjon og har kome lenger i ferdigheitsutviklinga. Dersom ein spelar viser heilt spesielle evner og ferdigheiter, kan det gis opning for og anledning til ei hospiteringsavtale på eit eldre årskull. Dette må berre skje etter ei nøye vurdering av, og einigheit mellom, den som har det sportslege ansvaret, spelaren sjølv, foreldre og involverte trenarar. Spelaren skal likevel aldri forlate sitt eige lag.

Dersom eit lag i spesielle tilfelle manglar spelarar til enkelte kampar kan trenarar på årskullet under kontaktast og det kan gjerast avtale om å nytte spelarar i kamp. Dette er då ikkje å sjå på som ei fast hospiteringsordning.

Satelittsamling

Aktuelle spelarar som er 12 år blir meldt inn til kretsen for satelittsamlingar, eit steg før eventuelt uttak til by/kretslag. Valget blir teke av laget sin trenar i samarbeid med den som har det sportslege ansvaret, etter gitte kriteria frå fotballkretsen. Trenaren til den/dei aktuelle spelarane skal følgje opp sine spelarar som er med i by/kretslag, også delta på samlingar så godt det let seg gjere.

Eigenandelen dekkjer foreldra sjølve. Viktig at dette blir informert om.

5. Ungdomsfotball

Med ungdomsfotball meiner ein all fotball for jenter og gutar i alderen 13- 19 år. Hareid IL fotball sitt mål er å gi så mange som mogleg eit tilfredstillande fotballtilbod i eit godt miljø. Alle skal ha eit tilbod dei er nøgde med- uavhengig av nivå og ambisjonar.

Hareid IL fotball har to hovudmål med ungdomsfotballen:

- 1. Vi skal ta vare på alle- vi skal legge til rette forholda slik at flest mogleg blir i fotballmiljøet lengst mogleg.*
- 2. Vi skal gi talenta våre best moglege føresetnadar til å bli gode fotballspelarar.*

Alle ungdommar som skal delta i Hareid IL fotball sine fotballaktivitetar skal betale årleg medlemskap i Hareid IL, årlig treningsavgift i Hareid IL fotball. Størrelsen på desse ulike avgiftene blir bestemt i Hareid IL sitt årsmøte. Manglande innbetalingar av avgifter kan føre til at ein ikkje får delta på trening, kamp og turneringar.

Ungdomsfotballen i Hareid IL fotball kjenneteiknast først og fremst av at det finnst mange ulike målgrupper med ulike ønskjer, motiv og ambisjonar. I mellom jenter og gutar i alderen 13- 19 finnst det ein del spelarar med store ambisjonar og som trenar svært målbevist for å nå lengst mogleg. I den same aldersgruppa finnst det også svært mange med motiv og ønskjer om å spele fotball eit par gongar i veka i eit godt og sosialt miljø. Hareid IL fotball håper at vi kan behalde ungdommen lengst mogleg i fotballmiljøet gjennom inkludering og medraderett. Involvering og medraderett kan vere med på å hindre fråfall og fremme trivsel for aldersgruppa. Ungdom som ikkje har som mål og nå langt i fotballens verd bør sjølve vere med å definere sitt eige tilbod – ut frå eigne ønskjer og behov. Samstundes skal Hareid IL fotball arbeide hard med spelarutvikling for den gruppa som har talent og ambisjonar. Det handlar då om å differensiere tilbodet slik at mange ungdomar her eit godt og trygt fritidstilbod utan at det går ut over spelarutviklinga på

nokon måte. Alle spelarar skal møte eit positivt, trygt, sosialt og motiverande fotballmiljø i Hareid IL fotball.

Alle treningar skal organiserast på ein slik måte at klubbens verdier og mål blir ivaretekne! Hareid IL fotball skal bidra til eit samarbeid med våre naboklubbar. Dersom det skulle oppstå behov for samarbeid i ulike klasser i ungdomsfotballen skal styret i fotballen behandle desse sakene.

Kompetanse på trenar og leiarsida er ein føresetnad for at Hareid IL kan tilretteleggje alle ungdomars ønskjer og behov. Hareid IL fotball tilbyr både interne og eksterne kurs for sine trenarar og leiarar.

NFF og SFK sine kurssider gir god informasjon om dette. Klubben skal melde på nok lag i alle aldersklasser i serie og turneringsspel. Det ideelle er 10 spelarar på 7 år lag, 12 spelarar for 9 år lag og 15 spelarar på 11 år lag. Det kan også meldast på lag eit årskull opp i serie og turneringsspel. Den som har det sportslege ansvaret i klubben skal avgjere dette i samarbeid med trenarane.

Fair play

Fair Play handlar om respekt. Hareid IL fotball krev at det på trening, i kamp, på turneringar og også utanfor bana blir sett fokus på verdier som respekt, toleranse, likeverd og menneskeverd. Det er på disse arenaene vi kan bidra til haldningsskapande arbeid og påverke til positiv åtferd. Dette er verdier Hareid IL set svært høgt, høgare enn resultatet i ein fotballkamp.

I Hareid IL fotball skal all aktivitet baserast på gjensidig respekt enten ein er spelar, trenar, leiar eller dommar. Som eit resultat av dette ønskjer klubben at det skapast eit positivt miljø der alle trivast.

Ved kraftige overtramp av Fair Play-prinsippa frå spelar på trening eller kamp skal dette ha klare konsekvensar. Spelaren skal takast av bana ved slike brot på Fair Play reglane. Alvorlege overtramp på trening skal føre til heimsending.

Keepertrening

Hareid IL fotball vil tilby eigne keepertreningar for keeperar i ungdomsklassene. Det er eit mål å kunne samle både jenter og gutar til keepertreningar minst ein gong pr veke. Keeper skal i tillegg delta på sitt lags treningar for å opparbeide fotballforståing, styrke og teknikk slik som dei andre spelarane.

Ekstratreningar

Hareid IL fotball vil legge til rette for ekstratreningar på tvers av lag- og årskull, basert på motivasjon og frivillig hjå ungdommen. Dette kan vere laurdagstreningar og treningar i feriar. Hareid IL fotball oppfordrar alle spelarar til frivillig trening med eller utan trenar. Klubben stiller baner til disposisjon for alle som ønskjer å trene utanom organiserte treningstider. Dette kan då ikkje kome i konflikt med oppsette treningar og kampar. Gode opplevingar på trening og kamp vil truleg stimulere til auka eigenaktivitet for dei aktive.

Hospitering

I Hareid IL fotball søker ein i ungdomsfotballen å optimalisere trening og kampkvardagen for spelarane. For dei aller fleste spelarar betyr dette trening og kampar på sitt eige lag. Men for nokon enkeltspelarar som er heilt i toppen av sitt eige årskull når det gjeld haldningar, innstilling, treningsiver og ferdigheiter, må klubben sjå etter løysingar for treningar og kampar på eit nivå over det nivået dei trenar og spelar på til dagleg. Med det å vere hospiteringsspelar i Hareid IL fotball meiner ein spelarar som ut frå ein fagleg ståstad har behov for utfordringar utover det ein klarer tilby spelaren på eige lag. Hospitering skal skje i samarbeid med trenarar på dei ulike laga, den som har det sportslege ansvaret og foreldre(tidleg ungdomsfotball). Alle skal vere informert og einige i hospiteringa for spelaren før spelaren sjølv blir informert om ordninga. Det er viktig at dei som er ansvarlege for ordninga har god styring på dei enkelte spelarane si totalbelastning og totalmengde for trening og kamp. Ved hospitering frå 13 år og oppover skal trenarane samarbeide tett med den som har det sportslege ansvaret når ein skal flytte spelarar opp eit årskull i periodar.

Hospitering i Hareid IL fotball føregår normalt sett i ungdomsfotballen. Men ein kan ikkje utelukke at det i spesielle tilfelle med enkelte spelarar i barnefotballen trengst hospitering for å gi ein enkeltspelar ekstra stimulering. Dette kan gjelde spelarar i 10-12 års alderen. Dersom eit lag i spesielle tilfelle manglar spelarar til enkelte kampar kan trenarar på årskullet under kontaktast og det kan gjerast ein avtale om at spelar blir brukt i kamp. Dette er då ikkje å regne som ei hospiteringordning. Alle spelarar som ønskjer det kan delta på treningane til årskull utanom sine eigne lags treningar. Dette er heller ikkje ei form for hospiteringsordning. Ekstratreningar hjå andre årskull garanterer ikkje at ein også skal spele kamp i disse klassene.

Topping av lag.

Frå og med det året spelarane fyller 13 år er det moglegheiter for å kunne «toppe laget» Dette for å kunne gi alle spelarane moglegheit for utvikling og at laga skal kunne hevde seg i kretsens høgaste nivå (1.divisjon) og cupar. (sjå eige skriv om inndeling av lag i turneringar og cupar) Dette kan gjerast ved å dele inn i lag med spelarar med stor treningsiver, gode ferdigheiter og høge ambisjonar og lag med spelarar som ønskjer å spele fotball på grunn av trivsel og det sosiale samhaldet i klubben.

Topping av lag er ikkje eit verkemiddel for å vinne kampar med mest mogleg tal mål. Topping er å hevde seg i størst mogleg grad på det nivået laga er kvalifiserte til. I Hareid IL fotball skal denne ordninga berre nyttast dersom årskullet kan gi eit godt tilbod som inkluderer eit likeverdig sosialt tilbod og kamptilbod både i serie og cupar for alle spelarane på kullet. Ingen skal risikere å spele lite eller ingenting på grunn av topping av lag. Alle som er med på kamp skal spele minimum ein omgang pr kamp. Spelarar og foreldre skal orienterast om planar for inndeling av lag på spelar/foreldremøte før ordninga trer i kraft/setjast i gong. Det sosiale aspektet skal alltid vurderast før modellen om topping blir valgt. Topping av lag er ingen føresetnad for god spelarutvikling. Dei beste spelarane kan i staden hospitere på årskullet over seg, eller få tilbod om ekstratreningar og om mogleg ekstra kampdeltaking for å få nok utfordringar. Ved å setje spelaren i sentrum må ein finne ein modell som gir utfordringar til alle. Alle synest det er kjekt å score mål og vinne kampar, men det gjeld å finne ein fornuftig balanse mellom resultatfokus og utviklingsfokus. Den som har det sportslege ansvaret skal involverast i prosessen.

Bylag/kretslag

Frå ungdomsklassa skal aktuelle spelarar meldast inn til kretsen for by- /kretslag. Valget blir gjort av trenaren til den/dei spelarane det gjeld og den som har det sportslege ansvaret. Påmelding skjer via klubben. Trenar skal følgje opp sine spelarar som er med i by-/kretstiltak, også delta på samlingar så godt det let seg gjere. Hareid IL fotball dekkjer 50 % av spelaren sine eigenandelar for deltaking i cupar og samlingar i regi av SFK sitt spelarutviklingsprogram. 50 % av eigenandelen dekkjast av spelaren sjølv. Det er viktig at dei som er ansvarlege for slike tiltak har god styring på den enkelte spelar si totalbelastning og totalmengd for trening og kamp, då disse spelarane dette gjeld også har hospiteringsordningar internt i klubben.

6. Seniorfotball

Herrar A-lag har målsetting om å vere på øvre del av tabellen i 4. divisjon i 2025.

Alle som deltek i Hareid IL fotball sine fotballaktivitetar skal betal årleg medlemskap i Hareid IL, årleg treningsavgift til Hareid IL fotball. Storleiken på dei ulike avgiftene vert vedteke i Hareid IL sitt årsmøte. Manglande betaling av avgift kan føre til at spelaren ikkje får delta på treningar, kampar og turneringar.

Seniorfotballen i Hareid IL kjenneteiknar fyrst og fremst av at det finnst mange ulike målgrupper med ulike ynskjer, motiv og ambisjonar. Blant damer og herrar finnst det ein del spelarar med store ambisjonar og som trenar særskilt målbevisst for å nå lengst mogleg. I den same aldersgruppa finnst det også svært mange med motiv og ynskjer om å spele fotball eit par dagar i veka i eit godt og inkluderande miljø. Hareid IL fotball ynskjer å behalde dei vaksne lengst mogleg i fotballmiljøet gjennom inkludering og medverknad. Involvering og medverknad kan hindre fråfall og fremje trivsel for gruppa.

Alle seniorspelarar skal sjølv vere med på å definere sitt eige tilbod, utifrå eigne ynskjer og behov. Klubben skal ha eit tilbod for eit breitt felles behov. Samstundes skal Hareid IL fotball arbeide hardt med spelarutvikling for den gruppa som har talent og ambisjonar. Det handlar då om å differensiere tilbodet slik at alle har eit godt og trygt fritidstilbod utan at det går på bekostning av spelarutviklinga. Alle spelarar skal møte eit positivt, trygt, sosialt og motiverande fotballmiljø i Hareid IL fotball. Alle lag-treningar skal organiserast på ein slik måte at klubben sine verdier og mål vert ivareteke.

Ved overgangar mellom klubbar skal klubbens overgangsansvarlege (FIKS) involverast i prosessen.

Hareid IL fotball sine seniorlag skal i hovudsak rekruttere sine spelarar frå eigne lag, junior- og jente/gutelag. Spelarar som sjåast på som gode nok til klubben sitt A-lag for damer eller herrar, skal prioriterast til laga (retningslinjer for bruk av spelarar). Det skal vere eit nært samarbeid om å nytte spelarar i alderen G/J- 16 til seniornivå. A-laga sine hovudtrenarar kan stille krav om at spelarar frå lågare aldersklassar prioriterast til dette lag sitt treningar og kampar. Det er særskilt viktig at dei som er ansvarlege for hospiteringsordninga har god styring på den enkelte spelarens sin totalbelastning, mengde for trening og kampar. Hareid IL fotball anbefalar at kampmengde på dette nivået ikkje overstig 1,5 kampar pr. veke i tillegg til treningar.

Ingen skal vere med på kamp utan å få speletid. Dette gjelder alle lag i seniorfotballen, utanom A-lag for damer og herrar. For A-laga er det opp til hovudtrenar sine vurderingar og kampen sitt klima å avgjere speletid for den enkelte. Men Hareid IL fotball oppfordrar til at når kampen er «avgjort», at flest mogleg spelarar får mest mogleg speletid på A-laga.

7. Dommer rekruttering

Klubbdommere;

Rekruttering til klubbdommerkurs skjer ilt vårsessongen hvert år. Alle medlemmer får tilbud om dette og årgangen som fyller 13 og 14 år dette året skal gjennomføre kurset. Klubbdommerkurs arrangeres ilt april-mai med ekstern kursholder fra kretsen. Klubbdommere får utdelt;

- regelhefte
- dommerfløyte
- klubbdommervest

Alle klubbdommere skal minst ha veileder i sin første kamp, aller helst en gang eller to igjennom sesongen, enten under turneringer holdt lokalt eller i sine første seriekamper hvis dette ikke passer. Veileder skal trygge dommeren og gi denne tilbakemelding på følgende;

- Fløytebruk og tegn, klart og tydelig?
- hvordan var kommunikasjonen med lagledere
- hvordan var kommunikasjonen med spillerne på banen
- hvordan var plasseringen (bevegelsesmønsteret på banen)

Dommerkontakt følger opp klubbdommerne under sesong, fordeler kamper og holder dialogen med hver enkelt. Klubbdommere får tilbud om å dømme seriekamper for 3er, 5er, 7er. De «eldre» klubbdommerne får også tilbud om å dømme 9er (for 12 åringer).

Målet er å rekruttere ca. 10 nye klubbdommere hvert år.

De klubbdommerne som fyller 16 år, samt spillere i klubben, får i starten av året tilbud om rekruttdommerkurs, avhengig av når kretsen arrangerer kurs. Dialogen med de aktuelle starter høsten i forkant. Vi prøver å være spesielt oppmerksomme på de spillerne som slutter med aktiv fotball.

De som gjennomfører dette kurset og som ønsker å gå videre til dømming får et fullt dommerantrekk frå Hareid IL. Krav til dommaren er at denne stiller opp på Hareid IL's egne turneringer hvor det er aktuelt. Alle rekruttdommara blir vidare fulgt opp av dommaransvarleg i kretsen.

Målet er å rekruttere 1-2 nye rekruttdommere hvert år.

Dommerkontakt inviterer til sesongavslutning for alle klubbens dommere etter endt sesong.

8. Treningsmengd og spesielle fokus i trening og utvikling

Gutar og jenter 7-10 år

I denne perioden er det viktig å ta omsyn til:

- * Spelarane må bli trygge i miljøet
- * Alle skal ha det gøy
- * Ein må bli kjende med eit fast opplegg i treningane
- * Gode haldningar må lærast frå starten av (toleranse, respekt og disiplin)
- * Gi mykje ros og vere eit godt førebilete (leiarane)
- * Ein må lære basisteknikk. Ved spel må det være færrast mogleg (3-5) per lag, slik at alle får vere mykje involverte.
- * Alle skal spele likt under turneringar (Resultat er underordna)

Treningar 7-8 år:

- 1-2 økter i veka i vinterhalvåret, og 1-2 i sommarhalvåret. Lagt opp slik at eine er frivillig, og andre obligatorisk.

Treningar 9-10 år:

- 2 økter i veka i vinterhalvåret, og 2 i sommarhalvåret

NB. Treningar i vinterhalvåret skal koordinerast med idrettsskulen, som alle skal bli oppmoda om å delta på.

Gutar og jenter 11-12 år

I denne perioden er det viktig å ta omsyn til:

- * Alle skal ha det gøy
- * Vidareutvikle gode haldningar. La spelarane få ansvar.
- * Oppmuntre spelarane til å trene på fritida
- * Meir spesifikk teknisk trening: Mottak, pasning, skot, finter
- * I desse aldersgruppene spelar ein kampar (ikkje lenger turneringar), men ein skal vente med å terpe inn særleg grad av taktikk
- * La spelarane prøve seg i alle roller på bana
- * Alle skal spele likt under kampar (Resultat er underordna)

Treningar:

- 2 økter i veka, evt en tredje frivillig ekstra trening.

Gutar 13-14 år

I denne perioden er det viktig å ta omsyn til:

- * Vidareutvikle tekniske ferdigheiter (headingar, taklingar, spele 1 mot 1 og 2 mot 1)
- * I større grad enn tidlegare terpe taktikk

- * Spelarane må i større grad ta ansvar for eiga utvikling
- * Trenarane må stille høgare krav enn tidlegare (ros dei som tar ansvar og dei som prøver så godt dei kan)
- * Alle skal ikkje lenger spele likt, men alle skal ha eit tilbod. Utvikling av **enkeltspelarar** er viktigare enn å vinne KM-medaljar.
- * Fysisk trening: Kan så vidt starte lett styrketrening (ein gong i veka). Ikkje stor grad av uthaldstrening under fellesøktene, men spelarane må bli oppmoda om å jogge på fritida. Litt hurtigheistrening.

Treningar:

- 3 økter i veka (inkludert kampar)
- Gode talent skal i tillegg trene med gutelaget (15-16 år) (sjå hospitering i anna dokument) (i ekstreme tilfelle også juniorlaget)

Jenter 13-14 år

Mykje det same som hos gutane, men ein må ofte ta omsyn til at jentene ikkje alltid har spelt fotball like lenge som gutane.

Treningar:

- 2-3 økter i veka (inkludert kampar).
- Gode talent skal i tillegg få trene minst éi økt med jentelaget per veke (15-16 år).
- Ekstra gode jenter kan også trene med tilsvarande aldersgruppe for gutar.

Gutar 15-16 år

I denne perioden er det viktig å ta omsyn til:

- * Spelarane utviklar seg i heilt forskjellige retningar, både som fotballspelarar og menneske elles.
- * Ein må stille større krav til taktiske val.
- * Korte innslag av styrketrening (gjerne sirkeltrening) og uthaldtrening (intervallar), må også ha innslag av trening i koordinasjon, rørsle og hurtigheit.
- * Ein skal så langt det rekk legge til rette for at alle får prøve seg i kampar, men dei gode talenta skal prioriterast.
- * Å utvikle enkeltspelarar er viktigare enn å vinne KM-gull.

Treningar:

- 3-4 økter i veka (inkludert kampar)
- Dei som er gode nok trenar og spelar kampar med junior og eventuelt a-lag. For desse spelarane syr trenarane, eventuelt i samarbeid med sportsleg utval, saman eit eige opplegg for kvar enkeltspelar. Ein spelar bør ikkje spele kampar for meir enn to lag. Er spelaren viktig for a-laget (startar kampar eller spelar mykje), skal han ikkje lenger vere med i gutestallen (men gjerne Norway Cup).

Jenter 15-16 år

- * Vanskeleg å skrive så mykje om denne aldersgruppa, sidan det per dags dato ikkje er eit lag over dei i systemet. Inntil det er på plass må hovudfokuset vere at jentene skal trivest og ha det kjekt, og at gode spelarar må få tilbod om hospitering med Hødd.

* For jenter i denne aldersgruppa må ein la spelarane få ha ei viktig rolle når målsetjing for laget blir sett.

Gutar 17-19 år

I denne perioden er det viktig å ta omsyn til:

- Spelarane må få forståing for kva som må til for å bli gode.
- Skape eit aktivt treningsmiljø.
- Spelarane må ta ansvar for eiga utvikling.
- Spelarane må bli rådførte i samanheng med ambisjonar for laget.
- Det er viktigare å utvikle a-lagsspelarar enn å ta KM-gull.
- Dei i junioralder som er faste innslag på a-laget spelar juniorkampar ved høve (i dette spørsmålet er a-lagstrenarane sjefar).
- Dei i junioralder som er innbytarar på a-laget spelar alltid juniorkampar.
- Gutespelarar som er gode nok (altså at dei får starte på regulær basis) spelar alltid juniorkampar.
- Spelestilen til juniorlaget skal likne a-laget sin.

Treningar:

- Dersom gruppa er stor nok til å ha eigne treningar utan å vere avhengige av dei juniorane som er i a-stallen: 4 (inkludert kampar)
- Dersom gruppa ikkje er stor nok til å ha eigne treningar utan dei juniorane som er i a-stallen: 3 (inkludert kampar)
- Treningar per spelar må sjåast an i høve treningar med a-laget og eventuelt også idrettslinja ved UVS.
- Dei som vil bli verkeleg gode bør ha 5 fotballtreningar (inkludert kampar) i veka, ikkje inkludert aktivitet på skule. I tillegg kjem eigentrening og talentsamlingar.

Tillegg 1:

- Sjølv om det i aldersgruppene frå 13 år og oppover er viktigare å utvikle enkeltspelarar enn å få høge plasseringar i KM, er det likevel svært ønskjeleg at alle laga våre som spelar tabell er i 1.-divisjon. Det vil også gi ein betre utviklingsarena for spelarane.
- Men som ei overordna målsetjing er a-laget det einaste laget i Hareid IL som skal ha press på seg til å levere resultat.

Tillegg 2:

- Trenarane og leiarane skal vere svært positive til at spelarane driv med andre idrettar enn fotball. Det er berre positivt. Men når ein spelar nærmar seg plass på a-laget bør fotball vere hovudidretten for spelaren.